

Bjørn-Harald Haugsvær
Skjelangervegen 844
5917 Rossland
e-post: bjorn-harald.haugsvær@eninvest.net

11.03.2022

Alver kommune
e-post: post@alver.kommune.no

Uttale om havbruksanlegg Gjerdeneset

1. Kommuneplanen sin del om akvakultur er ikkje gyldig

Kommunale og moderniseringsdepartementet (i dag KDD) skriv i sitt vedtak datert 26.07.2021 at dei godkjenner kombinert føremål med akvakultur FEFIAKFR 1 og 2 i Mangerfjorden. Samstundes ber KDD kommunen om å endre planen i tråd med vedtaket og å kunngjere planen i tråd med Plan- og bygningslova § 11-15. Saka er kunngjort på Alver si nettside 30.01.2022. Planføresegnene har dato 16.10.2019 og er difor ikkje oppdatert. Arealplankartet har dato for framstilling som er 10.04.2019 og det er ikkje oppdatert ned dato for endeleg godkjenning. Kunngjering av dokument som ikkje er oppdaterte er ikkje ei rett kunngjering.

Uttale: kommuneplanen sin arealdel for området akvakultur er ikkje gyldig grunna manglande oppdatering og kunngjering. Søknaden kan difor ikkje handsamast.

2. Vilkår i Akvakulturlova § 15 er ikkje oppfylt

I Akvakulturlova § 15 heiter det at løyve til akvakultur ikkje kan gjevast i strid med:

- a) Vedtekne arealplanar etter Plan og bygningslova
- b) Vedtekne vernetiltak etter kapittel V i Naturmangfaldslova
- c) Vedtekne vernetiltak etter lov om kulturminne

Uttale: Akvakulturlova § 15 a er ikkje oppfylt. Kommuneplanen sin arealdel som omhandlar akvakultur er ikkje gyldig (sjå punkt 1).

3. Utreiingar etter Naturmangfaldlova § 4 og §§ 8-12 er ikkje gjennomført

I KDD sitt vedtak datert 26.07.2021 står det at *departementet ikkje har vurdert dei detaljerte miljøkonsekvensane for naturmangfald og vassmiljø i forslaget til anlegg og akvakultur. Dette må gjerast i handsaming av søknader om lokalitetsgodkjenning.*

3.1 Naturmangfaldslova

§ 4

Målet er at mangfoldet av naturtyper ivaretas innanfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det anses rimelig.

§8

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

§ 9

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

§ 10

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

§ 11

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

§ 12

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

3.2 Verknad på villaksen

Det må utgreiast kva konsekvensar løyvet har for stamma av villaks som brukar Mangerfjorden på veg inn og ut frå elvane innerst i fjordsystemet (m.a. Vossavassdraget og Modalen). Dette krev dokumentasjon på om vilkåra er til stades for ei levedyktig stamme av villaksen som vandrar til og frå havet. Denne stamma er i dag sterkt truga, og det må dokumenterast at ikkje løyvet gjer vilkåra for villaksen dårlegare. Vurderingane må omfatta kva effekt tiltaket har på gyting og fangst av villaks i elvane lengst inne i fjordsystemet.

3.3 Verknad på naturen lokalt

Det må utgreiast kva vevknad tiltaket vil ha for naturmiljøet lokalt i Mangerfjorden. Dette gjeld t.d. lokale fiskestammer, gyteplassar, fuglebestand og pattedyr.

Uttale: Konsekvensar etter Naturmangfaldslova § 4 og §§ 8-12 er ikkje vurdert. Dette gjeld særleg konsekvensar for den sterkt truga villaksen.

4. Manglande undersøking av lokaliteten Gjerdeneset

Det er ikkje gjennomført forundersøking av lokaliteten. Den gjennomførte forundersøkinga er gjennomført langt unna det omsøkte området. Søkjar omtaler dette som «i utkanten av lokaliteten» Dette er direkte feil. Utan ei forundersøking av området er det inga referanseundersøking å samanlikne med når effekten av ei eventuell etablering seinare skal dokumenterast og vurderast.

Uttale: Det må gjennomførast ei forundersøking av lokaliteten.

5. Manglande undersøkingar av straumforholda i fjordbassenget

Dei gjennomførte strammålingane gjeld berre for sjølve lokaliteten. Dei seier noko om gjennomstrøyming av vatn og korleis avfall vert spreidd bort frå lokaliteten. Ei slik strammåling seier ikkje noko om korleis vatnet strøymer i fjordbassenget. Ei slik analyse er vesentleg for å vurdere risiko for smitteoverføring mellom anlegg og fortykning av lakselus i fjordbassenget. Dei tre lokalitetane i Mangerfjorden ligg svært nære kvarandre, og det er stor risiko for overføring av smitte.

Uttale: Det må undersøkast om straumforholda i fjordbassenget går ut/inn, om det går rundt som ein malstraum og kor raskt det skjer utskifting av vatn med frå Hjeltefjorden. Dette må så danne grunnlag for vurdering av smitterisiko og tal anlegg i området.

6. Departementet sine føresetnader er ikkje oppfølgde

Kommunal og moderniseringsdepartementet (i dag KDD) skriv i si brev datert 26.07.2021:

Departementet har ikkje vurdert dei detaljerte miljøkonsekvensane for naturmangfald og vassmiljø av forslaga til anlegg for akvakultur. Dette må gjerast i handsaming av søknad om lokalitetsgodkjenning.

Uttale: det ligg ikkje føre dokumentasjon på at detaljerte miljøkonsekvensar for naturmangfald og vassmiljø er utgreidd slik KDD føreset.

7. Saka må ut på ny høyring

Det er Vestland fylkeskommune som handsamar denne søknaden. Dette skriv dei i brevet datert 10.01.2022:

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Uttale: Denne saka er ikkje godt nok utgreidd slik vedtaket frå KDD føresette. Når vesentlege sider ved ei sak manglar må saka leggest ut til offentleg høyring på nytt.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær